

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Tom Sverre Tomren (KrF) sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet vedtek følgjande namn for haldeplasser og tunneler langs bybanen byggetrinn 4:
- som framlegg fra fylkesrådmannen, med endring av Haukeland sjukehus til Ulriken helsepark."

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Erstatt Haukeland sjukehus med Helseparken.»

Røysting

Innstilling med Framnes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga med Tomren sitt forslag fekk 6 røyster (Sp, KrF, Frp 1H) og fall.

Innstillinga fekk 9 røyster (A, SV, V, 2H) og vart vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek følgjande namn for haldeplassar og tunnelar langs Bybanen byggetrinn 4:

Haldeplassar: Kaigaten, Nonneseter, Bystasjonen, Fløen, Haukeland sjukehus, Kronstad, Mindemyren, Kristianborg og Fyllingsdalen terminal.

Tunnelar: Årstadtunnelen, Kronstadtunnelen og Fyllingsdalstunnelen.